

**Etne kommune**  
**SAKSUTGREIING**

<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saknr</b>	<b>Saksh.</b>
Formannskap	12.10.2010	079/10	OIV
Kommunestyre	26.10.2010	066/10	OIV

<b>Sakshandsamar:</b> Odd Inge Vestbø	<b>Arkiv:</b> N-561.6, N-037	<b>Arkivsaknr:</b> 2010001146
--	------------------------------	----------------------------------

**GODKJENNING AV UTBYGGINGSAVTALE MELLOM GUNNAR LIEN OG ETNE KOMMUNE**

**Vedlegg i saka:**

Kart som viser aktuelle tiltak langs kommunal tilkomstveg til feltet  
Framlegg til utbyggingsavtale dags. 01.10.2010

**Utrykte saksdokument:**

Gjeldande reglar for utbyggingsavtalar - frå K-sak 027/07  
Plan- og bygningslova Kapittel 17. Utbyggingsavtalar

**Saksgang:**

Formannskapet  
Kommunestyret

**Utskrift til:**

Gunnar Lien  
Utvikling for vidare arbeid

## **SAKSUTGREIING:**

### **1. Kva saka gjeld:**

Handsaming av framlegg til utbyggingsavtale dags. 01.10.2010 mellom Gunnar Lien og Etne kommune

### **2. Bakgrunn for saka:**

Vedtatt reguleringsplan for Osnes Bustadfelt føreset ein utbyggingsavtale som regulerar utbygginga både praktisk og økonomisk for å få løysingar som samsvarer med reguleringsplanen.

### **3. Problemstilling:**

Avtaleframlegget føreset ein del private og kommunale plikter for å få sikker tilkomst- og skuleveg – i form av eit fortau – frå feltet til gang-/sykkelveg langs eksisterande E134. Plan- og bygningslova og K-sak 027/07 legg til rette for bruk av slike avtaler og seier noko om kva krav som gjeld. Det er m.a. krav om kunngjering.

### **4. Vurdering:**

Avtaleframlegget dags. 01.120.2010 føreset at kommunen innhentar løyve til bruk av grunn hjå grunneigarar langs vegstrekka og entreprenøren gjer arbeidet med utviding av vegen til minst 4 m asfaltert veg med 0,75 m skulder med minst 3 møteplassar samt 2,5 m fortau. Etne kommune utbetrar svake punkt i eksisterande veg, fin-planerar veg og fortau, asfalterer dei deler som er naudsynte, samt legg til rette for veglys langs fortauet. Etne kommune avgjer sjølv kva tid fortauet skal stå ferdig. Rådmannen får høve til å gjere endringar i avtalen dersom ikkje føresette ting skjer, t.d. strenge vintrar, mykje nedbør osb.

Kort sagt kan ein sei at Etne kommune tar seg av grunnavtalar og tilkøyrtte massar og røyr som er naudsynte for å få opprusta vegen med utviding og fortau.

Tilkomstvegen er kommunal, og opprusting i ein viss grad burde vore gjort for lenge sidan. I samband med arbeidet med kommunedelplan for Etnesjøen – der Osnes inngår – er det ønskje om utviding av bustadfeltet i steinbrotet, og opprustinga vil såleis komme fleire framtidige og eksisterande bustadeigarar til gode.

Etter sakshandsamar si meining vil Etne kommune sin medverknad sikre tilrettelegging av 12 nye bustadtomter i dette området samt tryggare skuleveg for alle busette i området.

## **TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:**

Framlegg til utbyggingsavtale dags. 01.10.2010 vert godkjend slik han ligg føre.

**12.10.2010 FORMANNSKAP**

**F-079/10 TILRÅDING FRÅ ETNE FORMANNSKAP TIL ETNE KOMMUNESTYRE:  
(samrøystes)**

Framlegg til utbyggingsavtale dags. 01.10.2010 vert godkjend slik han ligg føre.

**26.10.2010 KOMMUNESTYRE**

**K-066/10 VEDTAK: (samrøystes)**

Framlegg til utbyggingsavtale dags. 01.10.2010 vert godkjend slik han ligg føre.

**Flott utskrift  
ETNE KOMMUNE**

STABEN: 28.10.2010  
*Eva Wike Hustoft*